

## Kontrollutvalget i Bjerkreim kommune

### Møteinnkalling ekstramøte

Møtested:	Møterom 2
Dato:	09.10.2013
Tidspunkt:	Kl. 8.30
Møtenr:	

#### Til behandling:

Sak nr	Sakstittel
<a href="#">28/13</a>	Administrasjonens oppfølging av forvaltningsrevisjon vedr. skulemiljøet i Bjerkreim

Vennligst meld eventuelt forfall snarest på telefon 51 33 65 90 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no).

Ved forfall blir varamedlemmer innkalt særskilt. Medlemmer som anser seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkalles.

Evt. saker merket (*Unntatt offentlighet i medhold av off. l.*) sendes bare til medlemmer/vara-medlemmer.

Vikeså, 17.09.2013

Magne Vaule  
Leder av kontrollutvalget

Wencke S Olsen  
Sekretariatet

## **28/13 Administrasjonens oppfølging av forvaltningsrevisjon vedr. skulemiljøet i Bjerkreim**

Arkivsak-dok. 13/00301-3  
 Arkivkode. 217  
 Saksbehandler. Wencke Sissel Olsen

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kontrollutvalet i Bjerkreim	09.10.2013	28/13

### **Bakgrunn:**

Kommunestyret i Bjerkreim behandla i møte den 20. februar følgjande vedtak:

*Kommunestyret tar den framlagte rapporten fra undersøkelsen ang. skulemiljøet på Bjerkreim skule til etterretning.*

*Rapporten blir oversendt rådmannen som bes om å ta stilling til de tiltakene som blir forslått fra revisor, med spesielt fokus på de påviste lovbrudda.*

*Oversikt over hvordan rådmannen har fulgt opp foreslåtte tiltak i rapporten blir sendt kommunestyret via kontrollutvalget innen 6 mndr. etter at rapporten er vedtatt i kommunestyret.*

Rapporten sine føreslåtte tiltak overfor kommunen var:

1. Kommunen bør styrka sakbehandlninga når det vert rapport brot på skulemiljøet, slik at desse blir behandla i høve til lovkrav
2. Det bør fattast vedtak i høve med alle henstillinger om tiltak vedr. det psykososiale miljøet, i høve til lovkrav
3. Skulen bør bli raskare til å handtere henvendelser, følgja desse opp og gi tilbakemelding til føresette
4. Det bør setjast inn tiltak umiddelbart når dette er nødvendig, og foreldra bør underrettast om dette, samt gis vidare informasjon om evt. endringar, avslutning osv.
5. Skulen bør og sørgja for raskare intern klagebehandling, revisor foreslår her å delegera dette til skulesjefen
6. Skulen og kommunen bør vurdere hjelp utanfrå i vanskelige saker
7. Eit hovudmål bør vera å gjenoppretta tilliten til skulenes handtering av skulemiljøsaker

I same kommunestyremøte vart det fatta følgjande vedtak i samband med behandling av Tilstandsrapport for grunnskulen 2012:

*Kommunestyret støtter kontrollutvalgets forslag til utvida plan mot mobbing med følgjande kulepunkter:*

- *Kommunen sluttar seg til "manifest mot mobbing"*
- *Det må satsast på vidare kompetanseheving om mobbing med tilhøyrande sakshandsaming i skulane og i skuleleiinga*
- *Målsetjinga må vera at Bjerkreim kommune skal verta en føregangskommune i arbeidet mot mobbing.*

### Saksutredning:

Sekretariatet har motteke tilbakemelding frå Bjerkreim kommune den 6. september 2013, sjå vedlegg. Kontrollutvalet har derfor vedtatt å halda eit ekstramøte i byrjinga av oktober for at saka skal bli klar til kommunestyrets møte den 23. oktober.

Det er og laga ei saksutgreiing frå rådmannen til kommunestyret (vedlegg). Saka omhandlar tilbakemelding knytt til begge desse kommunestyrevedtaka.

Kort oppsummert vert det gitt slik tilbakemelding ang. rapporten sine råd til kommunen:

1. For å stryka sakshandsaminga og sørgja for at lovkrav vert overhaldne, er det nå laga eit felles opplegg ang. system og rutinar ved begge skulane i Bjerkreim. Det er utarbeid felles reglement/retningsliner og malar samt laga rutinar i årshjulet som skal sikra at arbeidet med § 9 vert rutinemessig fylgt opp.
2. I utarbeid forskrift om reglement for orden og oppførsel vert det m.a. nemnt at heimen alltid skal bli kontakta dersom det er alvorlige brot på ordensreglementet (nedst s 5). Her vert det og lagt vekt på god kommunikasjon mellom heimen og skulen.
- 3 og 4 Det er og utarbeidd eit internkontrollsystem som heiter ”Skulemiljøet i Bjerkreim, kommunalt system og regningsliner”. Her er det og ei oversikt over kva skjema som inngår i dette systemet (3.30), der det går fram at det skal gis foreløpig svar til førestatt så snart skulen har motteke ei henstilling om tiltak.
- 5 Behandling av klager på enkeltvedtak knytt til § 9a er nå delegert til skule/kommunenivå i tråd med forslag både i rapporten og frå Fylkesmannen
- 6 Det er m.a. halde møte mellom FAU og tilsette ved Bjerkreim skule i regi av Bjørnson Organisasjons psykologene, som er eit firma utanom kommunen. Møtet vart gjennomført i dialog mellom skulen, FAU og representantar for denne organisasjonen. Det har og vorte gjennomført elevundersøking
- 7 Både tiltak for å styrka sakshandsaminga av slike saker , planlegging av felles møter og øvrige tiltak som er sett i verk (sjå samla tilbakemelding) må kunne sjåast på som tiltak for å gjenoppretta tilliten til skulen

Når det gjeld tilbakemelding på kommunestyrets vedtak knytt til Tilstandsrapport for grunnskulen, vert det gitt slik tilbakemelding:

- Kommunen ønskjer å knyta seg til manifest mot mobbing, og går saka etter planen skal dette manifestet underskrivast på kommunestyrets møte i oktober.
- Kommunen har sett i gang kurs og kompetanseheving på skulane i kommunen, sjå vedlagte oversikter. Det er og laga ei lett tilgjengeleg oversikt over korleis sakshandsaminga skal gå føre seg i slike saker, sjå vedlegg.
- Det vert uttrykt gjennom dei tiltaka som er sett i gang at det er ønskjeleg å bli ein føregangskommune.

Oppsummert er det gitt tilbakemelding på dei punkta som kommunestyret har vedtatt. Kontrollutvalet må sjølv vurderer om ein ser på denne tilbakemeldinga som tilstrekkelig, eller om det er spesielle område ein vil påpeika overfor kommunestyret før saka vert sendt vidare.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar administrasjonens tilbakemelding på oppfølging av kommunestyrets vedtak til etterretning.  
Saksutredning og vedtak vert vidaresend kommunestyret i Bjerkreim iht vedtak.

Vedlegg:

Saksutredning til kommunestyret

Skolemiljøet i Bjerkreim – kommunalt system og retningslinjer

Forskrift om reglement for orden og oppførsel

Mal-samling

Utkast til manifest mot mobbing.

SANDNES, 27.09.2013

Wencke Sissel Olsen

Daglig leder

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og trenger ikke signatur.*

[Tilbake](#)